



Foto: Skodde Studio



Tokke

Sykkelstrategi og handlingsplan for Sykkelbygda Dalen, 2023-2033



Sykkelstrategi og handlingsplan for Sykkelbygda Dalen, 2023-2033

Rapporten er eit styringsdokument for arbeidet med sykkelbygda Dalen. Strategien og handlingsplanen skal opp til politisk handsaming i ulike politiske utval, og bli lagt ut til høring før handsaming og mål om vedtak i kommunestyret i mars 2023.

Medvirkande til utarbeiding av rapporten

Birgith Reinskås Lunden, Faun Naturforvaltning
Åse Ingebjørg Flateland, Tokke kommune

Framsidedfoto

Skodde Studio

Baksidedfoto

Åse Ingebjørg Flateland

Kontaktperson


Åse Ingebjørg Flateland, Tokke kommune
tlf. 350 75 261
aseingebjorg.flateland@tokke.kommune.no

Versjon 1 - 24.februar 2023



Innhold

Om Sykkelbygda Dalen.....	4
Om strategiprosessen.....	6
Overordna føringer- Sats på sykkel!.....	8
Tilråing og fokus i forprosjektet frå 2021.....	10
Resultat og funn i Stadanalyse Dalen.....	14
Resultat frå Sykkelundersøkinga.....	18
Visjon.....	20
Effekt mål og resultat mål.....	21
Strategiske fokusområder.....	22
Målgruppe og type syklist.....	23
Mål og tiltak - fysisk tilrettelegging.....	24
Mål og tiltak - trygg leik.....	26
Mål og tiltak - sykkelglede.....	28
Forslag til hovudnett for sykkel.....	30
Frå strategi til handling.....	32



Om Sykkelbygda Dalen

Tokke kommune har sett fokus på auka bruk av sykkel og gange med bakgrunn i samfunnsdelen til kommuneplan for 2016-2028, og forprosjektet «Sykkelbygda Dalen» utarbeidd i samarbeid med Norconsult AS i 2021. Prosjektarbeidet blei finansiert av Vestfold og Telemark fylkeskommune og Tokke kommune.

Auka bruk av sykkel og gange på Dalen vil ha positive gevinstar for klima, miljø, attraktivitet og folkehelse.

Kommunestyret vedtok i møte 2.11.2021, sak 76/2021, å satse på tiltak og haldningsskapande arbeid. Satsinga vert følgt opp med økonomiske og administrative ressursar i budsjett og handlingsprogram. Satsinga er tufta på miljø- og klimamessig, sosial og økonomisk berekraft. Gjennom samarbeid og økonomiske ressursar kan ein oppnå dei positive gevinstane.

Satsinga på Dalen kan auke attraksjonskrafta, og gje staden eit godt omdømme, som ein god stad å bu og besøkje.

Kommunestyret vedtok at haldningsskapande arbeid skulle vere ein del av arbeidet med Sykkelbygda Dalen, og prosjektet skal omfatte alderen 0-100 år. Det omfattar barn og unge, vaksne og eldre. Ein ynskjer å fokusere på både sykling til skule/arbeid, fritidsreiser, og i reiser i reiselivsamanheng.





Om strategiprosessen

Arbeidet med sykkelstrategien for Sykkeldbygda Dalen og handlingsplanen, er finansiert av Vestfold og Telemark fylkeskommunen og eigne midlar frå Tokke kommune.

Prossesen starta januar 2023 med involvering av ulike ressurspersonar. Innspel frå arbeidet omfatta innspel omfatta konkrete tiltak fordelt på fylgjande målgrupper; Barn og unge, jobb og fritidsreiser, turisme og reiseliv.

Handlingsplanen omfatta strategiske fokusområder, basert på kva ein har definert som hovudutfordringar. Dei konkrete tiltaka i handlingsplanen er omformulert og utarbeidd på bakgrunn av innspel frå administrasjonen, andre planar som er vist til i figuren på s. 7, og faglege vurderingar.

Samstundes som dette strategidokumentet er til politisk handsaming i aktuelle utval, vil det også ligge ute til høyring, og folk flest kan kome med innspel til arbeidet. Innspel til sykkelstrategien og handlingsplanen blir lagt ved saksutgreiinga til politisk handaming i kommunestyret.

Målet med strategidokumentet er at det kan bli eit styringsdokument som kan nyttast aktivt i sykkelssatsinga på Dalen. Målet er at det er realistiske mål og ambisjonar med tanke på drift og vedlikehald, kommunen si evne og vilje til å gjennomføre.

Sykelstrategien omfatta Sykkeldbygda Dalen, og ikkje heile Tokke kommune. Strategien omfatta i grove trekk planområdet til reguleringsplan Dalen.

SYKKELBYGDA DALEN

BAKGRUNNSINFORMASJON

Klimaplan
for Vest-Telemark
2022

Sykkellundersøking for 2022
Tokke kommune
Syklistenes Landsforbund

Stadanalyse Dalen
inkludert spørjeundersøking
2022, Faun

Trafikktryggleiksplan
Tokke kommune
2023-2026

Barne og ungdomsplan
Tokke kommune
2021-2025

Kommunedelplan for idrett,
fysisk aktivitet og friluftsliv
Tokke kommune 2020-2024

Samfunnsdelen til Tokke kommune
sin kommuneplan 2016-2028

Forprosjekt Sykkelbygda Dalen
juni 2021

Vedtak i kommunestyret 2.11.2021
Sak 76/2021

Tverrfagleg verkstad initiert av Tokke kommune
12.1.2023

Sykkelstrategi og handlingsplan
for Sykkelbygda Dalen, 2023

PÅGÅANDE PLANPROSESSAR

Reguleringsplan
Dalen
2023

Sti- og løypeplan
Tokke kommune
2023

Næringsplan
Tokke kommune
2023

Ungdommens distriktpanel
Handlingsplan
Tokke kommune 2023



Overordna føringar - Sats på sykkel!

Nasjonale føringar

Strategien for Sykkelbygda Dalen er i tråd med nasjonale og regionale føringar, og vil bidra til å nå nasjonale og regionale mål.

Gjeldande nasjonal sykkelstrategi vart utarbeidd av Vegdirektoratet, Statens vegvesen i 2014, og var eit grunnlagsdokument for nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2014-2023.

I den nasjonale sykkelstrategien er det ei målsetting om at alle byar og tettstader med fleire enn 5.000 innbyggjarar skal ha definert eit hovudnett for sykkel.

Det vert slått fast at den nasjonale sykkelandelen skal vere på 8 % innan 2023. (Vegdirektoratet, 2014).

Nasjonal sykkelstrategi har følgjande delmål:

- Vi skal fremje sykkel som transportform
- Sykkeltrafikken i byar og tettstadar skal minst doblast
- Vi skal ha betre framkome og tryggleik for syklistar
- 80 % av barn og unge skal sykle til skulen

Regionale føringar

Statens vegvesen Region Sør utarbeidde ein regional sykkelsstrategi for Region sør for perioden 2014-2018, som eit svar på den nasjonale sykkelsstrategien. Strategien omfatta tidlegare fylka i regionen; Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud. Hovudstrategiane i dette dokumentet var;

Regional strategi A: Vi skal være i front på sykkelsatsing
Regional strategi B: Vi skal satse på sykkelbyer
Regional strategi C: Vi skal bidra til aktive skolebarn
Regional strategi D: Vi skal kommunisere strategisk
Regional strategi E: Vi skal være først ute med «sykkelturistveger»

Sykkelsstrategi for Vestfold og Telemark fylkeskommune, er utarbeidd og det er lagt opp til vedtak i Fylkestinget mars 2023.

Hovudmålet i den regionale strategien er:

«Det er et mål å øke sykkelandelen i fylket. Satsing på sykkel er viktig i arbeidet med grønn omstilling, et mer bærekraftig samfunn og bedre folkehelse.»

Regionale delmål er:

- 1) Økning i alle typer sykkelreiser
- 2) Øke trafiksikkerhet, opplevd trygghet og attraktivitet for syklisten
- 3) Vestfold og Telemark fylkeskommune skal være en attraktiv samarbeidspartner

Klimaplan for Vest-Telemark

Gjennom eit felles arbeid har kommunane i Vest-Telemark under leiing av Vest-Telemarkrådet, utarbeidd ein felles klimaplan. Planen er handsama i kvar enkelt kommune, og er vedtatt av kommunestyret 29.09.22, sak 75/22.

Fokuset i klimaplanen er at kommunane i Vest-Telemark har i betydeleg grad spreidd busetjing, dette gjeld også for Tokke kommune. Det er lite kollektivtilbod for lokale reiser, og folk er avhengige av privatbil. Også i tettstadane, inkludert Dalen, er det utbreidd bruk av privatbil. Det er stort potensialet for meir sykkel og gange gjennom fysisk tilrettelegging og utbygging av gang- og sykkelveg, samt fortetting av busetjinga i sentrum.

I klimaplanen er det eit mål om å redusere klimagassutslepp frå transport, og her er fylgjande delmål som konkret omfattar sykkel.

- Intensivering av arbeidet med infrastruktur-investeringar, spesielt gjennom å spisse arbeidet med trafikktryggleik og GS-veggar i nærområda for skule og fritidsaktivitetar. Ansvarlege: kommunane
- Tilrettelegging og incentivordningar for meir sykling i nærområda, inkludert sykkelparkering og lademoglegheit for elsykkel. Ansvarleg: kommunane.

Kommunale føringar

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028 for Tokke kommune står formulert under mål 5.1.2 som omfattar målet om å utvikle eit sterkt sentrum og gjere grendene attraktive for etableringar, besøkande og innbyggjarar. Det står konkret at Tokke kommune skal *utvikle og marknadsføre Dalen som ein kompakt og miljøvenleg tettstad med gang- og sykkelavstand til viktige samfunnsfunksjonar*. I tillegg er det fatta eit kommunestyrevedtak, sak nr. 76/21, 2.november 2021;

Vedtaket er direkte henta inn:

Tokke kommune vil med bakgrunn i kommuneplan 2016-2028-samfunnsdelen og forprosjektrapport «Sykkelbygda Dalen» satse på tiltak og haldningsskapande arbeid som kan føre til auka bruk av sykkel og gange på Dalen for å oppnå positive gevinstar for klima, miljø, attraktivitet og folkehelse.

- *Haldningsskapande arbeid bør inn som eige punkt i prosjektet. Prosjektet skal vere for alderen 0-100 år.*
- *Tokke kommune bør vurdere deltaking i internasjonalt prosjekt, for å sjå på moglegheiten for eit større samarbeid med ekstern finansiering.*
- *Det er viktig at det blir tatt høgde for vedlikehalds-/ driftsutgifter ved tilrettelegging av framtidige, fysiske tiltak.*
- *Eldrerådet syner til Bandakslivegen som ein attraktiv sykkelveg, og ber prosjektet vurdere å legge enno betre til rette for sykling langs denne vegen, med særleg fokus på sikring og utbetring av tunellen.*
- *Ellers bør ein prioritere sikre fotgjengarovergangar og kryssing av FV450 på Dalen – mellom anna ved Elvarheim.*
- *Elles bør ein leggje til rette for at det er mogleg å ta med seg sykkel på buss, utan ekstra kostnad for personar som ikkje kan køyre bil.*



Tilråing og fokus i forprosjektet frå 2021

Tokke kommune gjennomførte eit forprosjekt Sykkelbygda Dalen i samarbeid med Norconsult AS i 2021. Forprosjektet omfatta innsikt- og kartlegging av dagens situasjon, medverknadsprosess, og innspel til målgrupper, målsettingar, innsatsområder og prioriteringar.

I arbeidet med sykkelsstrategien har forprosjektrapporten vore sentral, og ein har vist til mål og forslag til tiltak på dei komande sidene. Under er det vist til ulike perspektiv som kom fram som viktige for vidare arbeid.



Folkehelseperspektivet



Lettvint på Dalen



Turisten



Skulebarn/trafikktryggleik



Miljøperspektivet



TOKKE KOMMUNE

30.06.2021

Sykkelbygda Dalen

Rapport forprosjekt 2021

Tokke kommune

Mål for satsinga — kva skal ein oppnå?

- Dalen er kjent som sykkelbygda
- Levande sentrum med kafear, butikkar, folk som går og sykklar
- Digitale sykkelkart- og ruter tilgjengeleg
- Bruke sykkel til og frå jobb
- Bruke sykkel på/ i jobb når det er mogeleg
- Fleire verktøystasjonar
- Merkbar reduksjon av biltrafikk ved skule og i sentrum
- Sykkel er hovudtransportmiddel på Dalen
- Betre folkehelse
- Reiselivet profilerer sykkel i sin strategi
- Innfartsparkering på Vistad for pendlarar
- Busstilbod frå Høydalsmo og Åmot til Dalen for pendlarar
- Sykkelparkering
- Dalen blir ein miniatyr av sykkelbyen København
- Aktive born får boltre seg på sykkel — utanfor sentrum og ut i naturen
- Dalen vert eit førebilete for bruk av sykkel — folk i alle aldrar — til jobb, skule, fritid og reiser til og frå i dei ulike aktivitetane
- Fortetting med kvalitet — lage reguleringsplan som prioriterer mjuke trafikkantar, grøntområde, leikeplassar, trivsel
- Sykkelparkering og ladepunktar er ein naturleg del i all planlegging og gjennomføring av nye bygg og anlegg
- Bilfritt sentrum på Dalen
- Gang- og sykkelveg frå Tangane til Mokrysset
- Berre bilar frå «utabygdes» på parkering i sentrum
- Gang og sykkelveg frå Skafså og Åmdals Verk – utvide sykkel-satsinga til bygdene rundt Dalen.

Formulering av målsettingar på kort sikt

- Det skal vere attraktivt å gå eller sykle på Dalen
- Det skal vere lett å kome fram med sykkel heile året
- Syklar skal vere lett tilgjengelege- både som utleige, kjøps- eller leasingavtalar
- Det er etablert ein sykkelverkstad

Formulering av målsettingar på lang sikt

- Sykkel- og gangfelt er godt bygd ut
- Mange vel sykkel framfor bil
- Fraktesykkel er vanleg å bruke
- Farlege trafikkpunkt er definert, planlagt og løysing gjennomført
- Sykling til badeplassar og nabogrender er blitt tryggare – og i sommarsesongen med mykje trafikk

Drift og vedlikehald

- Utarbeide plan og rutinar for vedlikehald og drift for å sikre kvalitet og funksjon
- Godt vintervedlikehald og vårreingjering slik at det er enkelt å velje å sykle heile året
- GPS på same måte som ein har for løypekøyring for ski – ser kor det er brøyta
- Sykkelparkeringar blir vedlikehalde og ser trivelege ut
- Utleigesyklar er lett tilgjengelege i sommarhalvåret
- Informasjon blir jamleg oppdatert
- Tilbakemelding frå innbyggjarane og andre gjennom «bygdemelding», ein mogleg teneste frå kommunen kvar ein raskt og enkelt kan melde ifrå om feil og manglar

Aktivitetar, informasjon og kunnskap

- Haldningsskapande arbeid og arrangement
- Trafikkopplæring ved skulen — Sykkelsertifikat- 4. klasse
- Tour of Norway for Kids
- Sykle til jobben
- Organisert spinning ved arbeidsplassane
- Gulltrim/konkurransar arrangert av frivilligsentralen, idrettslaget eller liknande
- Andre konkurransar som skaper fellesskap og vekker konkurranseinstinkt, eksempelvis konkurranse mellom verksemder — best i bruk av sykkel til jobb
- Få med lokale aktørar slik at ein kan arrangere sykkelmekkebestand
- Sykkelsynleggjering på Dalsmarken eller andre arrangement på Dalen
- Gateløp, sykkelstafett eller andre morosame hendingar for alle aldrar
- Gjennomføring av teljingar, observasjonar og spørjeundersøkingar for å skaffe grunnlag om dagens sykkel- og gangbruk
- Dokumentasjon av sykkelaktivitetar med barn, ungdom, vaksne og eldre
- Synleggjere sykkelparken hos Frivilligsentralen og høve til å melde seg som sykkelvenn for eldre på helseheimen
- Samarbeid om prosjekt mellom offentlege og private aktørar eller lag og organisasjonar
- Bygge opp kompetanse korleis jobbe med grøn mobilitet (sykkel og gange), stadutvikling, omdømme osv. i små kommunar.



Forslag til tiltak direkte henta frå forprosjektrapporten

utarbeidd av Tokke kommune og Norconsult

Enkle tiltak — kort sikt

- Etablering av sykkelparkering ved skulen, barnehagen, helsesenter, sentrum og brygga
- Etablering av ladepunkt og verktøystasjonar - gjerne i kombinasjon med sykkelparkering
- Servicestasjon i samarbeid med verkstad
- Sykkelmekkestasjon i samarbeid med ungdomsklubben
- Sykkeldag
- Sykkelløp
- Etablering av sykkelteljar
- Tilskot til vinterdekk (med krav om at brukarane må svare på nokon undersøkingar om ordninga).
- Utvikle ein applikasjon i samarbeid med elevar ved ungdomsskule/ vidaregåande som kan informere om sykkelruter, turar, løyper, parkering, utleige, verktøykasser, verkstad, brøyta veg, overnattingsplassar, aktivitetar som kan gjerast med sykkel m.m.
- Fleire delesyklar til tilsette ved arbeidsplassane på Dalen , kanskje låne frå Frivilligsentralen i fyrste omgang
- Merking av «Takk for at du sykklar» i asfalten på gang- og sykkelveggar som motivasjonstiltak
- Innkjøp av sykkel ved helseheimen

Større tiltak — lengre sikt

- Sykkelbane eller pumptrackbane ved skulen som oppmodar til sykkelleik
- Sykkelløype i skogen
- Leasingavtale for el-sykkel
- Innkjøp av sykklar
- Skilting av sykkelruter og -løyper
- Utviding av utleie frå turistkontoret i sentrum/brygga med eksempelvis sykkeltraller, barnesete, telt, soveposar m.m.
- Utleigestasjon som er enkel å bruke – UU — låsbar sykkelstasjon
- Rullering av kommunen sin trafikksikringsplan i 2022 med aktiv bruk av forprosjekt sykkelbygda Dalen . Sjå på nye løysingar ved kryssing til Elvarheim og i krysset Hotellvegen x Storvegen og gangkryssing Storvegen ved Revahaugvegen, utnytte areal ved barnehage og helse- og omsorgssenteret for å lage ein betre tilkomst, parkering, og tydeleggjere areal for gåande og syklande. Fokus på oversiktlege kryss og tiltak som dempar farten.
- Sykkelkart som synar kvar det er mogleg å sykle og løysingar langs sykkelvegnettet. Kan også legge inn kvar det skal gjerast tiltak.
- Innfartsparkering
- Gjere om nokon av parkeringsplassane til sykkelparkering og parklets
- Involvere elevar ved ungdomsskulen eller vidaregåande for å utforme parklets
- Utvikling og utforming av området ved skulane og Moen gard med fokus på uteareal, sykkel og trafikksikkerheit (etablere hjartesonar rundt skulane og sentrale målpunkt for barn)
- Snarvegprosjekt for å kartlegge rørslemønster for gåande og syklande, kartlegge viktige gangaksar og snarveggar
- «Dalentralla» – traller som kan stå ved butikkane i sentrum og som folk kan bruke for å trille varer heim frå matbutikken eller blomsterbutikken
- Lage taubane eller heis opp til Eidsborg og Skafså (ref. Holmestrand)




Resultat og funn i Stadanalyse Dalen

Utarbeidd av Faun i 2022

Vinteren 2022 utarbeidde Faun Naturforvaltning ei stadanalyse for Dalen. I denne analysa vart det gjennomført ei spørjeundersøking. Undersøkinga var open for alle og vart annonsert via kommunen si Facebookside og heimeside. I tillegg fekk alle innanfor planområdet varsling på SMS, samt to påminningar i løpet av undersøkingsperioden. Totalt var det 257 stk som svarta. Bakgrunnen for å gjennomføre ei spørjeundersøking var å undersøke stadkjensla på Dalen. Korleis opplever folk staden sin i dag, og kva folk tenkjer om utviklingspotensial og framtida for bygda si.

Undersøkinga omfatta mellom anna spørsmål knytt til buforhold, møteplassar, kva folk saknar, kva folk er stolte av og kva folk ser på som utfordringar. Resultat og funn som omfattar tilrettelegging og satsing på sykling er vist til her, som eit bakteppe for utarbeiding av mål og tiltak i sykkelstrategien.



75% av dei 257 som svarta på undersøkinga nytta bilen som transportmiddel for å kome til skule, jobb, fritidsaktivitetar. Det er viktig å presisere at omlag 25% svarta at dei ikkje budde på Dalen.

Folk saknar

1. Gode møteplassar (45,91%)
2. Meir aktivitet i sentrum (42,4%)
3. Fritidstilbud (28,4%)
4. Attraktive tomter (21,4%)
5. Eg saknar ingenting (17,5%)
6. Tilrettelegging for barn og unge (16,73%)
7. Fleire bustadtomter i sentrum (15,56%)
8. Tilrettelegging av turvegar (13,23%)
9. Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne (11,28%)
10. Bättre tilrettelegging for gåande og syklende (10,12%)
11. Snarvegar (4,28%)
12. Anna (10,5%)

Utdjuping av kva folk saknar

(Systematisert fritekst)

- **Mobilitet og trafikktryggleik**
 - Gangbru frå Vistad – Huvestad- hadde gjort det enklare å ikkje bruke bil
 - Gangbru frå Buøy til Bratteståvegen. Bättre skilting for gåande og syklende
 - God bussforbindelse til Dalen ettermiddag/helg
 - Trafikksikring ved Lio
 - Gang og sykkelveg opp til Vistad bru
 - Gang og sykkelveg til paddeltennisbanen
 - Koble saman gangveg/sykkelveg frå Bandak til skulen
 - Fartsdumpar på Storvegen
 - Universell tilkomst ned til vatnet (badeplass på Tippen)
 - Gatelys på sidevegar, mellom Tønsbergkrysset og Åsland, og ljossetting av turvegar som Tangane og Hengebrua

Forslag til prinsipp for utvikling

henta frå Stadanalyse Dalen


Forslag til prinsipp for sentrum

Kombiner bu- og næringsformål, med forretningslokaler i fyrste og bueiningar i andre etasje. Gjennomfør ei fortettingsstudie for å undersøke volum, utforming, takkonstruksjon, møneretning og plassering av nye bygg i sentrum. Fokus på fortetting med kvalitet. Få tydelegare markering på kva areal som er til forretningane, til gåande og syklende, parkering og køyrebane. Prioriter mjuke trafikantar i trafikkbildet. Vurder moderne løysingar for å gjere det meir trafikkvenleg og effektivt å velge sykkel framfor bil. Vurder å reetablere den klare aksa frå hotellet til krysset mellom Storvegen og Hotellvegen. Ha mål om å fortette og skape eit aktivt sentrum med mykje liv i gata og ljøs i alle hus.

Forslag til prinsipp for mobilitet

Det skal vere lett, enkelt og trafiksikkert å velge å sykle eller gå heile året. Dalen eignar seg godt for sykling då det er korte avstandar mellom målpunkt og ulike funksjonar ein treng i kvardagen. Topografien er også ideell for å gå og sykle. Dei mjuke trafikantene bør bli prioritert i trafikkbiletet. Kva slags løysing ein vel må bli vurdert ut frå kva slags type strekning det er; skuleveg eller transportetappe. Vurder moderne sykkelløysingar og gjer tiltak som gjer det meir effektivt og attraktivt å sykle til jobb og skule. På strekningar der ein tidvis kan forvente stor andel syklende og gåande, bør ein vurdere løysingar som skiljer desse frå kvarandre. Det skal vere enkelt å sette frå seg sykkel. Samanhengande nett kan gjere det meir attraktivt og trafiksikkert å gå og sykle

Visuell SWOT-analyse av Sykkelbygda Dalen



Kartet er utarbeidd av av Faun i samband med sykkelsstrategien, og er ei samanstilling som bygger på analysekart frå Stadanalyse Dalen, 2022.



Foto: Wera – Terje Rakke



Resultat frå Sykkelundersøkinga

Utarbeidd av Syklistenes Landsforening 2022

Syklistenes Landsforening utarbeidar nasjonale undersøkingar på kor tilfredse syklistane er med sykkelforhold i eigen kommune. For 2022 var det 48 stykk som svarte med utgangspunkt i Tokke kommune. Resultata blir samanlikna nasjonalt og med samanliknbare kommunar.

SAMMENSTILLING KATEGORIER OG TOTALKARAKTER

	Tokke		Små kommuner		Nasjonalt	
Generell tilfredshet	3,65	Karakter: C	3,14	Karakter: C	3,03	Karakter: C
Trygghet	3,26	Karakter: C	2,72	Karakter: D	2,62	Karakter: D
Sikkerhet	2,81	Karakter: D	2,66	Karakter: D	2,54	Karakter: D
Fremkommelighet	2,99	Karakter: D	2,48	Karakter: D	2,50	Karakter: D
Tilgjengelighet	2,58	Karakter: D	2,63	Karakter: D	2,43	Karakter: D
Sykkelens prioritering i kommunen	2,56	Karakter: D	2,68	Karakter: D	2,47	Karakter: D
Totalpoeng	2,99	Karakter: D	2,72	Karakter: D	2,60	Karakter: D

Tokke får 2,99 i totalscore og karakter D.

Nasjonalt ligger totalscore i snitt på 2,60 og karakter D.

Karakter	Intervall	Fargekode
A	4,35 - 5,00	■
B	3,68 - 4,34	■
C	3,01 - 3,67	■
D	2,34 - 3,00	■
E	1,67 - 2,33	■
F	1,00 - 1,66	■

Tokke rangeres som nummer 3 av 16 blant små kommunar (<20 000)

KJØNNSENTITET

Kjønnsidentitet	Tokke	Små kommuner	Nasjonalt
Kvinne	67 %	58 %	51 %
Mann	26 %	39 %	47 %
Ikkebinær/annet	0 %	0 %	0 %
Vil ikke svare	7 %	2 %	1 %
Antal svar	43	1163	7502

ALDER

Alder	Tokke	Små kommuner	Nasjonalt
15-25 år	0 %	3 %	2 %
26-35 år	23 %	13 %	13 %
36-45 år	15 %	29 %	26 %
46-55 år	38 %	26 %	26 %
56-65 år	20 %	20 %	21 %
65+ år	5 %	9 %	13 %
Antal svar	40	1112	7251

HVOR OFTE SYKLER DU VED FØLGENDE TILFELLER I SOMMERHALVÅRET? (MELLOM 1. APRIL OG 30. SEPTEMBER)

	Hver dag	Flere ganger i uka	Noen ganger i uka	Noen ganger i måneden	Sjeldnere	Aldri	Jeg arbeider/studerer ikke	Antal svar
Til og fra jobb/skole	15 %	19 %	13 %	13 %	10 %	29 %	2 %	48
Til og fra fritidsaktiviteter/butikken/ærender/venner	4 %	28 %	17 %	13 %	15 %	22 %	-	46
Som mosjon, trening eller rekreasjon	4 %	0 %	21 %	26 %	32 %	17 %	-	47

HVOR OFTE SYKLER DU VED FØLGENDE TILFELLER I SOMMERHALVÅRET? (MELLOM 1. APRIL OG 30. SEPTEMBER)

	Hver dag	Flere ganger i uka	Noen ganger i uka	Noen ganger i måneden	Sjeldnere	Aldri	Jeg arbeider/studerer ikke	Antal svar
Til og fra jobb/skole	15 %	19 %	13 %	13 %	10 %	29 %	2 %	48
Til og fra fritidsaktiviteter/butikken/ærender/venner	4 %	28 %	17 %	13 %	15 %	22 %	-	46
Som mosjon, trening eller rekreasjon	4 %	0 %	21 %	26 %	32 %	17 %	-	47

48%

Bygg ut samanhengande sykkelveggar der det i dag er sakna

46%

Forbetre vedlikehald av sykkelveggar heile året

39%

Arbeide med informasjon og marknadsføring for å få fleire til å sykle

26%

Forbetre kvaliteten på eksisterande sykkelvegnett

Kva ynskjer folk i Tokke at kommunen skal prioritere i sitt vidare arbeid med å fremje sykling ?

HVA ØNSKER DU FØRST OG FREMST AT TOKKE PRIORITERER I SITT VIDERE ARBEID MED Å FREMME SYKLING? (INNTIL TRE VALG MULIG)

	Tokke	Små kommuner	Nasjonelt
Forbedre vedlikehold av sykkelveier hele året	46 %	36 %	41%
Forbedre skilting	9 %	11 %	10%
Prioritere sykkeltrafikk i kryss	13 %	14 %	27%
Bygg ut sammenhengende sykkelveier hvor det i dag savnes	48 %	78 %	73%
Forbedre kvaliteten på eksisterende sykkelveinett	26 %	29 %	34%
Lage flere sikre sykkelparkeringer	15 %	17 %	21%
Forbedre mulighetene å leie sykler	11 %	6 %	4%
Gjør det enklere å ta med sykkel i kollektivtrafikken	2 %	7 %	9%
Gi økonomiske insentiv for kjøp og reparasjon av sykkel og utstyr	24 %	10 %	13%
Senk fartsgrensene	9 %	13 %	9%
Gjennomføre tiltak for å få mindre biltrafikk	7 %	14 %	20%
Arbeide med informasjon og markedsføring for å få flere til å sykle	39 %	19 %	11%
Antal svar	46	1244	7783

VISJON

"Sykkelbygda Dalen - på to hjul i kvardagen"

Folk flest kan og vil nytte sykkel framfor bil, når dei skal forflytte seg på Dalen.

Effektmål

Fleire som sykler fører til mindre biltransport, reduksjon av klimautslipp, bedre folkehelse og trivsel.

Resultatmål

Auka andel sykkelreiser på Dalen med 50% frå 2023-2033.

80% av barn og unge på Dalen sykler eller går til skulen

Strategiske fokusområde

På bakgrunn av funn i sykkelundersøkinga frå 2022, innspel frå diverse forarbeid, inkludert forprosjektet og ulike spørjeundersøkingar på Dalen, har ein i samband med strategiprosessen framheva tre overordna fokusområde.

1. Fysisk tilrettelegging
2. Tryggleik
3. Sykkelglede

Vidare er det utarbeidd hovudmål, delmål og tiltak for kvart av dei tre fokusområda. Det er vist til kva slags forarbeid/plan tiltaket er forankra i eller kva slags plan/prosess tiltaket bør bli implementert i.

Målgruppe og type sykkelreise

Definisjonen av målgruppe for sykkelstrategien er i tråd med vedtak i kommunestyret sak 76/21; aldersgruppa 0-100 år. Sykkelstrategien inkluderar alle og nyttar kategoriane skule/fritidsreiser, arbeidsreiser og turist- og rekreasjonsreiser for kategorisering av delmål og tiltak. Skule og fritidsreiser er definert som ein felles kategori, og barn og unge er hovudmålgruppa for denne. Gruppa vil kunne ha andre krav til tilrettelegging enn arbeidsreiser. Turist- og rekreasjonsreiser omfattar både turistar og lokale som ynskjer sykkelreiser med opplevingar, framfor å kome raskt frå A-B. Dei ynskjer å oppleve staden med hjelp av sykkel.

Tiltak knytt til fysisk tilrettelegging for sykling på Dalen er særleg relevant å implementere inn i det pågåande arbeidet med reguleringsplanen for Dalen. Regulering av areal til dei mjuke trafikanten gjev retten til å bygge ut arealet på kort og lang sikt, samstundes sikrar ein at arealet ikkje blir nytta til andre formål.

Det er viktig at ein arbeidar overordna og definerar eit hovudnett for sykkel. Dette overordna sykkelnettet skal sikre effektive og trafikksikre løysingar for syklande og gåande. Dei mjuke trafikantane er meir sårbare for avstandar enn det bilistane er, og ein bør i arbeidet med reguleringsplanen ha fokus på snarveggar for syklande og gåande. Dette vil kunne gjere det enklare, meir tidsbesparande og meir attraktivt for folk å sykle og gå i kvardagen.

Tryggleik er eit viktig tema for arbeid med sykkel, og opplevinga av tryggleik, og det motsette er ofte ein av årsakane til at barn og unge ikkje sykklar til skulen.

I brosjyra "Sykle til skolen", utarbeidd av Syklistenes landsforening, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, Helsedirektoratet og foreldreutvalget for grunnopplæringa, er det presisert at det ikkje er ei nedre aldersgrense for når born kan sykle til skulen. Når borna kan sykle til skulen vil vere avhengig av tilrettelegginga, trafikkforholda, ferdigheitane til bornet og foreldra si oppleving av om det er trygt å la bornet sykle. I tillegg har skulane sett eigne aldersgrenser. Tryggleik på skulevegen er ein føresetnad for at barn og unge skal kunne sykle til skulen aleine eller i lag med andre.

Sykkelglede I framtidig arbeid med sykling på Dalen, bør ein særleg ha fokus på barn og unge. Tilrettelegging og motivering av denne gruppa vil gje positive effektar knytt til folkehelse og miljø. Om ein skapar tidleg sykkelglede hjå barn og unge, og legg til rette for at det blir naturleg og enkelt for dei å velgje sykkel, vil ein kunne danne grunnlaget for at dei også vil velge å sykle når dei bli vaksne.



Målgruppe og type syklistar

Ein kan kategorisere målgruppa for sykkelstrategien på ulike måtar, og definere ulike typer syklistar og reisetypar. Illustrasjonane som er vist her omfattar:

- Sykle til barnehage, skule og fritidsaktivitetar
- Sykle til arbeid, i arbeid eller sykle til butikken
- Turist- og rekreasjonsreiser og treningsturar

I vidare arbeid med sykkel er det viktig å definere kven som er den aktuelle målgruppa for det aktuelle tiltaket, aktiviteten eller tilrettelegginga ein ynskjer å gjennomføre. Dei vil ha ulike behov for sjølve reisa, tilrettelegging, sykkelparkering, informasjon, aktivitetar, kunnskapsbehov mm.

I arbeidet med sykkel bør ein også definere kva som er skuleveg og kva som er transportetappe, særleg i samband med val av sykkelløysing.

Treningsyklistar som skal raskt fram ynskjer ein ikkje å ha på gang- og sykkelvegen, men som ein del av køyrebanen. Dette vil skape minst risiko for dei meir sårbare mjuke trafikantane, slik som skuleungar og eldre.

Behovet for effektive sykkelruter og snarvegjar vil vere ulikt. Turistar som ynskjer å oppleve Dalen på sykkel har god tid, og kan like opplevelsesrike omvegjar, samanlikna med dei som skal levere ungar i barnehagen, og rekke jobb etterpå.

Behovet for skilting og merking av sykkelruter og målpunkt vil vere stort hjå besøkande og dei som ynskjer å bruke sykkelen som ein del av rekreasjonsreiser. Dei vil også ha behov for at turvegnettet har gode og sikre koplingar til hovuvegnettet.

MÅL OG TILTAK

FYSISK TILRETTELEGGING



Hovudmål A: Sykkelbygda Dalen har eit samanhengande, trafikkikkert, attraktivt og effektivt sykkelvegnett.

Delmål	Tiltak	Forankring (F)/ implementering (I)	Type sykkelreise	Ansvar	Frist
Sykkelbygda har eit prioritert hovudnett for sykkel	Kartlegge manglar i sykkelvegnettet og gjennomføre faglege vurderingar knytt til val av type sykkelløysing, og vurdere behov for å skilje dei mjuke trafikantane på strekningar med potensial for høg sykkelandel.	Stadanalyse Dalen (F) Sykkelundersøkinga (F) Reguleringsplan Dalen(I)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Vurdere tidssparande snarveggar mellom bustadområde og viktige målpunkt	<ul style="list-style-type: none"> Bru over Tokkeåi, forbinde Gullkopp og Huvestad, - snarveg til skulen og fritidsareal som ljosløype og bane. Bru over frå Buyøy til Lauvikvegen –ein snarveg og meir attraktiv tilkomst til Dalen enn dagens trase på nasjonal sykkelrute 2. 	Stadanalyse Dalen (F) Reguleringsplan Dalen(I)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Sikre areal til framtidig utbygging av sykkelvegnett	Som del av reguleringsplanarbeidet på Dalen blir det regulert areal til gode og framtidsette sykkelløysingar.	Reguleringsplan Dalen(I) Sti- og løypeplan (I)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Sikre gode overgangar mellom sykkelløysingar og sentrumsnære turveggar, turmål og nasjonal sykkelrute	Kartlegge utfordringar i overgangen mellom ulike type sykkelløysingar og koplinga opp mot turvegnett.	Reguleringsplan Dalen(I)	<ul style="list-style-type: none"> Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk i samråd med Fylkeskommunen	2023
	Regulere, planlegge og bygge gang- og sykkelløysing på fv.38 Gullkopp-Vistadbru. Vurdere alternativ for å knytte turvegen med hengebrua og Helveteshyl sammen med sykkelnettet.	Stadanalyse Dalen (F) Reguleringsplan Dalen(I) Sti og løypeplan(I)	<ul style="list-style-type: none"> Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Talet på kvardagsreiser på sykkel skal auke på Dalen.	Etablere sykkelteilingar ved skulen, ved Elvarheim og ved brua på Buøy (sistnemnte er aktuell dersom ein får til bru over frå Buøy til Lauvikvegen) og undersøke endring frå 2023 og årleg framover mot 2033.	Forprosjekt Sykkelbygda(F)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Det er enkelt og naturleg å velge sykkel som transportmiddel på Dalen	Legge til rette med gode sykkelparkeringar ved sentrale institusjonar/ arbeidsplassar slik som skulane, ungdomsklubben, barnehagen, kommunehus, helsesenter, arbeidsplassar og i sentrum	Forprosjekt Sykkelbygda(F)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser Turistreiser 	Kommunen og private næringsaktørar	2024
	Vurdere etablering og ev, søkje finansiering til delingssyklar, tilsvarende "bygdebike" prosjekt på Ås. Etablere faste parkeringsplassar langs hovudnettet og ved sentrale målpunkt, der ein kan hente og sette frå seg "bygdebike". Tilknytt eit utval sentrale parkeringsplassar for sykkel bør det bli etablert fleire servicestasjonar, slik som ved Elvarheim.	Forprosjekt Sykkelbygda(F)	<ul style="list-style-type: none"> Skule/fritidsreise Arbeidsreiser Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
	Etablere ordningar for lån eller kjøp av fraktevogn til sykkel - "Dalentralla"	Forprosjekt Sykkelbygda(F)	<ul style="list-style-type: none"> Turist- og rekreasjonseiser 	Næringslivet	2024
	Etablere ladestasjon for el-sykkel ved sentrale målpunkt		<ul style="list-style-type: none"> Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023
Synleggjere Dalen som sykkelbygd	Informasjonsskilt ved brygga og turistinformasjonen i sentrum med informasjon om sykkelruter, sykkelfasilitetar som servicestasjonar og ladepunkt.		<ul style="list-style-type: none"> Turist- og rekreasjonseiser 	Plan, næring og teknisk	2023

MÅL OG TILTAK

TRYGGLEIK

Hovudmål B: Det er trygt å sykle på Dalen

Delmål	Tiltak	Forankring (F)/ implementering(I)	Type sykkelreise	Ansvar	Frist
Elevar og foreldre opplever skulevegen som trygg	Kartlegging av skulevegen med fokus på barrierer og trafikktryggleik. Aktivt involvere brukarane av skulevegen ved bruk av metoden "tryggleiksvandring". Jobbe for å utføre enkle tiltak raskt, og innarbeide langsiktige tiltak inn i trafikksikkerhetsplanen ved neste rullering.	Reguleringsplan Dalen (I)	• Skule/fritidsreise	FAU Skulen Plan, næring og teknisk	2023
Auke tryggleiken for mjuke trafikantar ved kollektivknutepunktet ved Vest-Telemark vidaregåande, Tokke skule og kulturhuset.	Planlegge og gjennomføre utbetring knytt til parkering for tilsette og besøkande, av- og påstigning buss og levering og henting med bil.	Trafikksikkerhetsplan (F)	• Skule/fritidsreise	Plan, næring og teknisk i samarbeid med Fylkeskommunen	2024
God sykkelmestring, grunnleggjande trafikkforståing, samt kunnskap om trafikktryggleik	Vidareutvikle sykkelprosjektordninga som omfattar 4.klasse. Få til sykkelprosjekt i barnehagen og på alle trinna på skulen, tilpassa alderstrinnet, som del av helsefremmande skule og aktiv skule 365.	Tiltak B 09 Barne og ungdomsplan (F)	• Skule/fritidsreise	Helse, barnehagen, skulane, helsestasjonen, politi, Trygg Trafikk. Foreldreutval	2025
Utvikle ein plan for utdeling av refleks og hjelmar	Søkje samarbeid med næringslivet og eller tilskotsordningar om sponing av sykkelhjelmar til alle barn og unge ved Tokke skule, Vest-Telemark vgs og barnehagen på Dalen.	Tiltak B 09 Barne og ungdomsplan (F)	• Skule/fritidsreise	FAU Skulen Plan, næring og teknisk	2024
Forbetre og prioritere vedlikehald av sykkelveggar heile året	Utarbeide svært gode krav og rutiner til vintervedlikehald. Etablere gode system for tilbakemelding på avvik. Sjøast i samanheng med kampanjesatsing og moglegheit for at sykkel/el-sykkel kan vere bil nr. 2	Sykkellundersøkelsen (F)	• Skule/fritidsreise • Arbeidsreiser • Turistreiser	Plan, næring og teknisk	2023
Mjuke trafikantar er synlege og prioritert i trafikkbiletet	Eigne areal til mjuke trafikantar - vurdere fysisk markering i vegen for tydleggjering.	Reguleringsplan Dalen (I)	• Skule/fritidsreise • Arbeidsreiser • Turistreiser	Plan, næring og teknisk	2023
Finne gode trafikksikre løysingar på barrierer for mjuke trafikantar	Fagleg vurdering og samarbeid om å finne løysingar for problempunkt slik som kryssing av fv 450 Dalen sentrum ved YX/Lio Auto og Dalen sentrum fv. 450 Gang- og sykkelveg ved Elevarheim.	Forprosjekt (F) Stadanalyse (F) Trafikksikkerhetsplan (F) Reguleringsplan (I)	• Skule/fritidsreise • Arbeidsreiser • Turistreiser	Plan, næring og teknisk i samarbeid med Fylkeskommunen	2023

MÅL OG TILTAK


SYKKELGLEDE

Hovudmål C: Skape sykkelglede og mestring for alle

Delmål	Tiltak	Forankring (F)/ Implementering (I)	Ansvar	Frist
Sykelbygda Dalen skal satse på attraktive sykkelanlegg for opplæring og leik	Gjennomføre eit forprosjekt med fokus på attraktive sykkelanlegg for leik og læring til glede for ulike målgrupper, til dømes: <ul style="list-style-type: none"> Pumptrackbane ved skulen/idrettsområdet Oppgradering av paintballbanen på Haugsevje til ein fleirbruksbane for sykkelcross og paintball mm. Sykkelløype i ljosløypa på Huvestad Downhill/ terrengsykkelløype Sykelbane ved barnehagen Viktig med stor grad av involvering frå brukargruppene, og vurdere samarbeid med lag og organisasjonar i arbeidet med finansiering og realisering.	Bør bli ein del av handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som grunnlag for å kunne søkje spelemidlar.	Plan, næring og teknisk Oppvekst, kultur og idrett Skulen Barnehagen	2023
Motivere til kvardagssykling gjennom arrangement, kampanjar, marknadsføring og subsidiering	Utvikle eit årshjul med oversikt over lokale sykkelarrangement, aktivitetar, informasjonskampanjar og opplegg knytt til subsidiering. Jobbe tverrfagleg for å få eit innhaldsrikt, men berekraftig opplegg for sykkelbygda Dalen. Døme på aktivitetar; sykkel dag, sykle til jobben aksjon, sykkelkarusell, sykkelkonkurransar, sykkelløp, sykkelmekkedag mm. Døme på subsidiering – alle/nye barnefamiliar får ei sykkelvogn eller piggdekk til sykkelen for å auke andel vintersykling.	Forprosjekt Sykkelbygda (F) Sykkelundersøkinga	Plan, næring og teknisk Oppvekst, kultur og idrett i samarbeid med lag og organisasjonar	2023
Utvikle eigen identitet/profil på sykkelbygda som kan bli nytta i marknadsføring og kommunikasjon	Utvikle merchandisesprodukt som reklame for sykkelarrangement til utdeling ved konkurransar, arrangement og for å sette pris på dei som sykklar.		Tokke kommune	2023
Motivere til sykkelvenlege arbeidsplassar	Motivere til etablering av gode fasilitetar for syklistar, slik som sykkelstativ, lading av el-syklar og dusj. Samt motivere til innkjøp av el-syklar som kan nyttast i jobb. (til og frå møter, synfaring, heimesjukepleie mm.)		Tokke kommune Næringslivet	2023
Motivere til sykkelglede frå tidleg barnehagealder.	Tilrettelegge for sykkelopplæringsbane i barnehagen og inkludere barnehagen i ulike sykkelarrangement og kampanjar.	Bør bli ein del av handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som grunnlag for å kunne søkje spelemidlar.	Plan, næring og teknisk Barnehagen i samarbeid med foreldreutval	2024
Bruke sykkelarrangement som miljøskapande tiltak for å skape samhold på tvers av klasser/bygder.	Planlegge og gjennomføre felles sykkelarrangement for på tvers av bygdegrensene	B 05 Barne og ungdomsplan (F)	Oppvekst, kultur og idrett Barnehage Skule	2024
Skape sykkelglede i heile Tokke kommune	Legge til rette for å støtte opp om etablering av ev. sykkelgruppe og få sykling som eit fritidstilbod for ulike aldersgrupper på tvers av grendene.		Oppvekst, kultur og idrett i samarbeid idretten	2024
Organisere ei prosjektgruppe som jobbar vidare med Sykkelbygda Dalen	Definere ei rolle/ansvarsområde/prosjektleiartstilling som sykkelkoordinator/motivator for Sykkelbygda Dalen, samt ei prosjektgruppe. Formålet er å ha nokon som kan jobbe aktivt med utvikling av årshjul, fylgje opp strategi og handlingsplan og implementere sykkel i relevant planar og byggeprosjekt.		Tokke kommune	2023
Gratis sykkelkart tilgjengeleg for lokale og besøkande	Gjere sykkelruter lett tilgjengeleg for lokale og besøkande via eksisterande digitale applikasjonar.	Sti og løypeplan (I)	Plan, næring og teknisk	2024

Forslag til

HOVUDNETT FOR SYKKEL



Kartet er utarbeidd av av Faun i samband med sykkelstrategien, og bygger på eit registreringskart frå Stadanalyse Dalen.

Frå strategi til handling

Det er viktig å samarbeide på tvers av sektorane for å lukkast med sykkelstrategien. Fleire aktørar er oppført i handlingsplanen som ansvarlege for dei ulike tiltaka. Samtidig som sykkelsstrategien skal vere for ein periode på 10 år er det viktig med årleg rullering av handlingsplanen. Ved større endringar bør ein rullere heile sykkelstrategien. Nye punkt som kjem fram etter årleg rullering av strategien bør bli handsama og vedtatt politisk, som tillegg til strategien. Tidspunkt for rullering bør tilpasse seg til komande års budsjettarbeid i kommunen og fristar på sentrale tilskotsordningar.

Forarbeidet og årleg rullering bør bli gjort av ei tverrfagleg sykkelgruppe med brei kompetanse og som dekker ulike områder. Grappa kan bestå av representant frå skule, barnehagen, foreldreutvalg, politi/Trygg Trafikk eller representant frå trafikksikkerhetsutvalg i kommunen, i tillegg til fagfolk frå administrasjonen både på plan, næring og teknisk, oppvekst, kultur og idrett, og helse og omsorg.

Reguleringsplanen for Dalen vil vere eit viktig verktøy for å få implementert mange av dei fysiske tiltaka og målet om at det skal vere trygt å sykle på Dalen. Det er viktig at planen har fokus på syklende og gåande, og tar høgde for at løysingane er trafikksikre og tilpassa ei auke i andel mjuke trafikantar. Det vil kunne vere aktuelt å regulere og planlegge for å skilje mjuke trafikantar på strekningar med høg andel mennesker som sykklar og går.

Ein sykkelkoordinator/motivator vil kunne bidra til at ein lukkast med satsinga på sykkel. Denne rolla vil kunne få det overordna ansvaret for Sykkelbygda Dalen, og ha ansvaret for å planlegge og gjennomføre diverse arrangement og motiveringstiltak.

Satsing på sykkel og tilrettelegging for sykling på Dalen vil i tillegg til kvardagssyklinga vere svært positivt for reiselivet, særleg om ein bind saman gode koplingar mellom hovudvegnettet for sykkel og turveggar.



FOLKEHELSE

TRANSPORTMIDDEL

SYKKELGLEDE



Velkommen til Sykkelbygda Dalen

